



TILSYNSRAPPORT-VEDTAK

Innhold

TILSYNSRAPPORT-VEDTAK	1
Tema – Tilsyn i Sæbø barnehage	1
Innleiing	3
Kort om barnehagen	3
Rettslege krav	4
§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid	4
§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).....	4
§ 9 Internkontroll i barnehagen.....	4
Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	5
§ 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid	5
§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).....	6
§ 9. Internkontroll i barnehagen.....	10
Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	10

Tema – Tilsyn i Sæbø barnehage

Barnehagen sin aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø Barnehageloven Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø trygt og godt barnehagemiljø, og §9 internkontroll i barnehagen

Samandrag

Alver kommune fører tilsyn med Sæbø barnehage. Temaet for tilsynet er barnehagen sin aktivitetsplikt og barnehageeigar sitt forsvarelege system §9 , §41 og §42 i barnehageloven datert 02.11.2021

Tilsynet går ut på å kontrollere om Sæbø barnehage følgjer regelverket i barnehageloven med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi praksis i Sæbø barnehage i Alver kommune. Barnehagen er vald ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i



regelverket ikkje er oppfylt, og kva for konsekvensar det kan ha for barna. Denne risikovurderinga byggjer på informasjon Alver kommune har frå ulike kjelder.

Basert på vurdering av tilgjengeleg informasjon og endring i lovverket har ein vurdert risiko for brot på LOB som gjeld § 9- internkontroll i barnehagen og kapittel 8 Psykososialt barnehagemiljø. I vurdering av riskiko nytta ein blant anna utfylt eigenvurdering frå styrar i barnehagen.

Tema:

Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Innsendt informasjon blei på førehand bearbeida og det blei gjennomført risikovurdering.

I møte 01.11.21 blei det gjennomført ei risikovurdering basert på tilgjengeleg informasjon. Det blei på bakgrunn av risikovurdering samt storleik og eigarform konkludert med at ein opnar skiftleg tilsyn med Sæbø barnehage.

Barnehagen fekk din førebelse tilsynsrapporten for uttale og har uttalt seg innan fristen. På bakgrunn av uttalen frå barnehagen, har vi gjort endringar i rapporten. I tilsynet har vi funnet at de oppfyller regelverket i høve tilsynsområdet vist over, og vi avslutter tilsynet.

Status på rapporten og vegen vidare:

Denne rapporten er ein endeleg rapport med konklusjonar basert på skriftleg dokumentasjon.



Innleiing

Barnehagemynde i Alver kommune fører tilsyn med barnehagane etter barnehagelova kap.10 §53. I tilsynet kontrollerar kommunen om barnehageeigar oppfyller barnehagelova med forskrifter. Dersom barnehageeigar ikkje følgjer regelverket kan kommunen pålegge retting.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

Kort om barnehagen

Sæbø Barnehage ligg i Alver kommune. Barnehagen er ein kommunal barnehage. Den er eigd og vert driven av Alver kommune.

Barnehagen har 48 barn og ligg på Sæbø i Alver kommune.

Alver kommune har ikkje ført tilsyn med barnehagen tidlegare

Alver kommune opna tilsyn med Sæbø barnehage i brev datert 02.11.2021. Barnehagen vart pålagt å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er: Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Barnehagen sin plikt til å følge med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, jfr. §§ 41 1. ledd og 42 i barnehagelova-Dokumentasjon i form av t.d. retningsliner, rutiner, prosedyrer, malar og liknande.
2. Korleis barnehageeigar gjennom sitt forsvarlege system sikrar at aktivitetsplikta blir overholdt jfr. § 9 i barnehagelova. Dokumentasjon i form av t.d. retningsliner, rutiner, prosedyrer, malar og liknande.

Vi har ikkje sett på korleis barnehagen oppfyller andre krav i regelverket.

Formålet med tilsynet er å sikre Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Dersom barnehagen ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

I denne rapporten presenterer vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.



Rettslege krav

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå

- a) Hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) Hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) Når tiltakene skal gjennomføres
- d) Hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e) Når tiltakene skal evalueres.

§ 9 Internkontroll i barnehagen

Barnehageeier skal ha internkontroll for å sikre at kravene i denne loven med forskrifter følges.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasset barnehagens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal barnehageeier

- a) utarbeide en beskrivelse av barnehagens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer



- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

§ 41. Nulltoleranse og forebyggjande arbeid

1. Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.
2. Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.
3. Har Sæbø barnehage eit systematisk arbeid mot nulltoleranse og førebyggjande arbeid?
4. Sikrar barnehagen barna mot krenkelsar som vist i punkt 1?
5. Sikrar barnehagen at alle tilsette grip inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkingar?
6. Førebyggjer barnehagen tilfeller kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø for å fremje helsen, trivnaden, leiken og læringa til borna?

Observasjon punkt 1-4.

Sæbø barnehage har levert inn dokumentasjon i høve HMS og Internkontrollsystem. Systemet er konkludert å sikre lovkravet i høve §9 i barnehagelova retta inn mot §§41 og 42.

I informasjon frå einingsleiar og styrar skildrar ein at Sæbø barnehage har arbeidd med nulltoleranse for mobbing. Barnehagen sitt personale har følgd den nasjonale IBS -satsinga. Det har vore felles planleggings dagar og personalmøter i høve §41. Felles opplæring på personale i høve nulltoleranse, førebyggjande arbeid, aktivitetsplikt i mobbesituasjonar. Det er felles opplæring på prosedyrar og rutinar i HMS-systemet som er tilgjengeleg for alle tilsette.

Eigenvurdering og dokumentasjon frå styrar viser at barnehagen arbeider førebyggjande og med å sikra her- og nosituasjonar i høve nulltoleranse og førebyggjande arbeid. Omgrepet krenking og mobbing er uttalt som utfordrande. Barnehagen skriv at dei tek utgangspunkt i barnet si subjektive oppleving ved å innhente informasjon frå barna gjennom samlingsstund, barnesamtalar og kartlegging.

Vurdering

Vi har motteke frå Sæbø barnehage eigenvurdering og dokumentasjon frå styrar som viser at barnehagen arbeider førebyggjande med å sikre her- og nosituasjonar i høve nulltoleranse og førebyggjande arbeid.

Omgrepet krenking og mobbing er uttalt som utfordrande. Barnehagen tek utgangspunkt i barnet si subjektive oppleving ved å hente informasjon frå barna gjennom samlingsstund, barnesamtalar og kartlegging. (Eksempel bussen)



Samla sett vurderer vi at barnehagen har eit HMS-system med prosedyre og rutinebeskriving, og plan for systematisk opplæring. Barnet si stemme er uttalt, og mynde vurderer at alle dei fire overnemde punkta i §41 vert tilstrekkeleg ivareteken.

Konklusjon

Sæbø barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei sikrar at områda i §41 vert oppfylt.

§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

1. Følgjer alle som arbeider i Sæbø barnehage med på korleis barna i barnehagen har det?

Observasjon

Sæbø barnehage har levert inn dokumentasjon i høve HMS og Internkontrollsystem. Systemet er konkludert å sikre lovkravet i høve §9 i barnehagelova retta inn mot §§41 og 42.

I informasjon frå einingsleiar og styrar vert det dokumentert korleis Sæbø barnehage har arbeid med nulltoleranse for mobbing.

- Barnehagen sitt personale har følgd den nasjonale IBS -satsinga.
- Felles planleggingsdagar og personalmøter i høve §41.
- Felles opplæring på personale i høve nulltoleranse, førebyggjande arbeid, aktivitetsplikt i mobbesituasjonar.
- Felles opplæring på prosedyrar og rutinar i HMS systemet som er tilgjengeleg for alle tilsette.

Eigenvurdering og dokumentasjon frå styrar viser til barnehagen sitt system for å følge med på korleis barna i barnehagen har det gjennom CASE, ROS analyse, på personalmøte og IGP metode.

Barnehagen skriv at dei tek utgangspunkt i barnet si subjektive oppleving ved å innhente informasjon frå barna gjennom samlingsstund, barnesamtalar og kartlegging.

I tilbakemeldingen er det tilsendt eksemplar på verktøy som viser korleis tilsette arbeidar.

Barnehagen beskriv at dei nyttar dette systematisk og at den og har og systematisk arbeide med DUÅ.

Vurdering

For å kunne avdekke fullt ut korleis barna i barnehagen har det, er det naudsynt å ha systematikk i arbeidet. Sæbø barnehage har skildra at dei arbeider i personalgruppa og på avdelingsmøter med tema i høve aktivitetsplikta. I eigenvurdering til styrar, vert arbeidet beskrive og i høve eigenvurderinga arbeider barnehagen med å sikre at barna har det bra.



Vi vurderer at vi har motteke dokumentasjon på korleis alle tilsette systematisk følgjer med slik at barnehagen sikrar tilstrekkeleg informasjon om barnet i barnehagen.

Konklusjon

Sæbø barnehage har dokumentert korleis dei sikrer at alle som jobber i barnehagen systematisk følgjer med på korleis barna har det i barnehagen.

3.Undersøker barnehagen snarast sak ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

Observasjon

I dokumentasjonen frå barnehagen er det skildra at barnehagen undersøker saka så raskt som mogeleg. I internkontrollsystemet er det laga rapportskjema som dokumenterer undersøking. Her skal ein skildre korleis undersøkinga er gjennomført og korleis barnet og føresette si stemme er kome fram.

I standard som er vedteke for arbeid med læringsmiljø i Barnehage-/skulekultur er eit beskrive sett av felles normer, verdiar og oppfatningar som barn og vaksne i barnehage og skule utviklar gjennom å handle med kvarandre og omgivnadene. Det står og at : Kulturen kjem til uttrykk i handlingar og haldningar. Barnehagen seier dei undersøker snarast ved mistanke.

Vurdering

For at barnehagen skal kunne samhandle og oppfylle lovkravet både i høve til tilsette og styrar, lyt ein ha systematisk arbeid og dokumentasjon på at dette er praksis. Sæbø barnehage fortel at dei undersøker ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Opplæring og Internkontroll sikrer at ein dokumenterer undersøkingar og bakgrunnen for dei. Vi konkluderer ut frå dette at barnet si stemme vert ivareteken i systemet, og at personalet undersøkjer saka snarast.

Konklusjon

Sæbø barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert korleis dei sikrer at alle som arbeider i barnehagen undersøker saka snarast.

4.Undersøker Sæbø barnehage meldingar frå føresette om at barnet deira ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

a)Undersøker barnehagen saka, og så langt det finst egna tiltak, og sørger dei for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø?

b)Gjer barnehagen det samme når det gjeld ei undersøking som barnehagen sjølv har sett i gang som ser at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

a og b:

Observasjon

I vedlagt «Standard for arbeid med læringsmiljø for Alver kommune», delpunkt 5-foreldresamarbeid, er det skildra at føresette skal tidleg ta kontakt med barnehagen om det er noko ein må løyse saman. Å høyre til NOU: 2015:2 .-Verkemiddel for eit godt psykososialt



skulemiljø og handler i høve Alver sitt system og om barnehage og forankring i høve barnehageloven, rammeplanen.

Sæbø barnehage viser til at dei har gjennomført undersøking i høve trivsel i barnehagen. Korleis denne meldinga vart meld inn til barnehagen, kan vi ikkje sjå er dokumentert.

I internkontrollsystemet er det laga prosedyre for trygt og godt barnehagemiljø der det er skildra at meldingar frå føresette eller tilsette skal undersøkast innan 48 timar frå motteke melding. Rapportskjema som følgjer prosedyren dokumenterer undersøking. Her skal ein skildra for føresette og barnehage korleis undersøkinga er gjennomført og korleis barnet og føresette si stemme er kome fram.

Barnehagen har sendt inn beskriving av korleis dei føl retningslinene og rutinane for trygt og godt barnehagemiljø i høve føresette. Dei viser til prosedyre og skjema for dette.

Vurdering

Standarden barnehageeigar har sendt inn i høve sitt internkontrollsystem for kommunen gjeld ikkje ekspilsitt §42 i barnehagelova, men er forankra i «Å høyre til» NOU:2015:2 .-Verkemidlar for eit godt psykososialt skulemiljø, og handler òg om Alver kommune sitt system for barnehage og forankring i høve barnehageloven, rammeplanen. Vi vurderer at den gjev tilstrekkeleg dokumentasjon for systematisk arbeid på fleire nivå med psykososialt miljø, og at lovkravet er stetta.

Sæbø barnehage har sendt inn dokumentasjon som konkret viser korleis barnehagen arbeider med meldingar frå føresette. Prosedyre og meldeskjema i interkontrollsystemet skal ivareta føresette og barnehage i høve undersøking av om eit barn har eit trygt og godt barnehagemiljø. Vi vurderer at det er dokumentert at melding frå føresette vert motteke og handsama vidare etter lovkrava. Det er tilstrekkeleg dokumentert at internkontrollsystemet sikrar at eigar ser til at dette vert ivareteken. I aktivitetsplanen er punkt for fagleg vurdering ivareteken.

Konklusjon

Sæbø barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert korleis dei undersøker meldingar frå føresette om at barnet deira har eit trygt og godt barnehagemiljø.

c)Vert tiltak valt på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering?

a)Undersøker barnehagen saka, og så langt det finnes egnede tiltak, sørger dei for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø?

b)Gjer barnehagen det samme når det gjeld ei undersøking som barnehagen sjølv har sett i gang som ser at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

c)Vert tiltak valt på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering?

Observasjon

a)b)c)



I internkontrollsystemet er det i prosedyre og rutine skildra at barnehagen skal vurdere og setje inn tiltak. Dette vert dokumentert i mal for Aktivitetsplan. Kartlegging er skildra til å vere på individnivå. Prosedyren skildrar barna, føresette og barnehagen si deltaking i undersøkingar.

Faglege vurderingar vert i følgje internkontrollsystemet det at barnehagen har matrise for risikovurdering som skal dokumentere det faglege arbeidet. Personalet har fagleg kunnskap om trygt og godt barnehagemiljø.

Vurdering

Sæbø barnehage har internkontrollsystem for å ivareta tiltak rette mot mål om trygt og godt barnehagemiljø. Dette gjeld òg når barnehagen sjølv melder om saker som omhandler dette tema. Fagleg vurdering vert skriftleggjort i prosedyre og skjema. Dokumentasjon viser at barnehagen har arbeidd systematisk med kunnskap om trygt og godt barnehagemiljø

Barnehagen skriv at dei har erfaring med å nytte kommunal rutine for handtering av saker omfatta i kapittel 8 i barnehagelova.

Konklusjon

Sæbø barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei:

- vel tiltak valt på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering.
- undersøker saka og så langt det finst egna tiltak, sørger dei for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø.
- Sæbø barnehage gjer det samme når det gjeld ei undersøking som barnehagen sjølv har sett i gang som ser at eit barn ikke jhar et trygt og godt barnehagemiljø.
- Sæbø barnehage vel tiltak valt på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering.

5.Barnehagen skal lage en skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak barnehagen har planlagt
- c) når tiltakene skal gjennomførast
- d) kven som skal gjennomføre tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast

Observasjon:

I internkontrollsystemet i Alver kommune for kapittel 8 i barnehagelova er det laga mal for plan. Malen inneheld punkta a - e over.

Vurdering

Sæbø barnehage har internkontrollsystem som viser at dei har mal for Aktivitetsplan som inneheld punkta a-e- som er i høve lovkravet. Barnehagen skriv i eigenvurderinga at det vert utarbeid skriftleg plan når det er naudsynt.



Konklusjon

Sæbø barnehage har dokumentert at skriftlege planar som blir utarbeidd for tiltak i sak med dei 5 punkta a-e over stettar lovkrava.

§ 9. Internkontroll i barnehagen

Barnehageeier skal ha internkontroll for å sikre at krava i denne lova med forskrifter vert følgd.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpassa barnehagen sin størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal barnehageeigar

- a) utarbeide ei beskriving av barnehagen sine hovedoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Vi har sett på lovkrav i høve internkontroll og §§41,42 i dette tilsynet.



A)

Utarbeider barnehagen ei skildring av barnehagen sine hovudoppgåver, mål og organisering?

Observasjon

Sæbø barnehage har sendt inn informasjon som viser til Alver kommune sitt kvalitetssystem for internkontroll og oppfølging frå barnehageeigar. I systemet ligg Standard for Alver kommune i høve arbeid med læringsmiljø. I standarden er barnehagen sitt arbeid i høve oppgåver, mål og organisering beskrive. Standarden skal sikre at lovkrav og sentrale føringar vert følgt opp. Den er forankra i barnehagelova, og i rammeplanen, og NOU 2015. Målet at barn i barnehage skal bli møtt på ein god måte, både som enkeltindivid og som gruppe. Fokuset skal alltid vere på læring og trivsel. Sentrale mål er skildringar der barna er i fokus. Organiseringa er strukturert i høve delområder. Eigar, leiar, tilsette, barn og føresette som i aktive prosessar systematisk skal arbeide kontinuerleg for å ivareta barnet sitt beste.

Vurdering

Sæbø barnehage har sendt inn Alver kommune sitt kvalitetssystem for internkontroll og oppfølging frå barnehageeigar. I systemet ligg Standard for Alver kommune i høve arbeid med læringsmiljø. I standarden er barnehagen sitt arbeid i høve oppgåver, mål og organisering beskrive. Standarden skal sikre at lovkrav og sentrale føringar vert følgt opp. Den er forankra i barnehagelova, og i rammeplanen, og NOU 2015. Målet at barn i barnehage skal bli møtt på ein god måte, både som enkeltindivid og som gruppe. Fokuset skal alltid vere på læring og trivsel. Sentrale mål er beskrive der barna er i fokus. Organiseringa er strukturert i høve delområder. Eigar, styrar, tilsette, barn og føresette skal i aktive prosessar systematisk arbeide kontinuerleg for å ivareta barnet sitt beste. Vi vurderer på dette grunnlag at standarden beskriv og såleis ivaretek barnehagen sine hovedoppgaver, mål og organisering.

Konklusjon

Alver kommune /Sæbø barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei har utarbeidd ei skildring av barnehagen sine hovudoppgåver, mål og organisering.

B) Har Sæbø barnehage naudsynte rutiner og prosedyrer?

Observasjon

Det er sendt inn informasjon om Alver kommune sitt system for internkontroll og oppfølging frå barnehageeigar. I systemet er det rutinar og prosedyrar. Internkontroll for eigar i høve LOB kap.8 er dokumentert i oversyn som viser kontroll mot den einskilde kommunale barnehagen. Skjema er eit årsskjema som viser 8 punkt som skal rapporterast kvart år der eigar får informasjon om arbeidet i egne dokument.

Rutinar og prosedyrar: Det er lagt ved lenke til rutinar og prosedyrar i internkontrollsystemet. Her ligg malar som visar til internkonrollsystemet vist over. Malane inneheld prosedyrar, retningsline, rutinar og skjema knytt til områda i §42 og 43.



Vurdering

For å kunne ha eit tilrekkelig internkontrollsystem for å sikre lovkrav og systematikk er det naudsynt å ha skildringar, rutinar og prosedyrar. Barnehagen har sendt inn dokumentasjon som viser sjekkliste for eigar sitt internkontrollsystem. Vidare er HMS systemet systematisk oppbygd med prosedyrar, rutinar og malar i høve §41 og 42 som det vert førd tilsyn med her. Vi vurderer at systema er tilrekkelig for å ivareta Barnehagemiljø etter Kapittel 8 og §§41 og 42.

Konklusjon

Sæbø barnehage har i tilstrekkelig grad dokumentert at dei har etablert naudsynte rutinar og prosedyrar for arbeidet.

c) Avdekker internkontrollen avvik og risiko for avvik og følgjer barnehagen denne opp?

Observasjon

Barnehagen har som vist over sendt inn dokumentasjon på internkontrollsystem med rutinar og prosedyrar. Vi vurderer at dette avdekker risiko i høve barna sitt psykososiale miljø i barnehagen. Det vert beskrive korleis ein skal gå fram for å følgje opp i internkontrollsystemet.

Vurdering

For å kunne ha eit tilrekkelig internkontrollsystem for å sikre lovkrav og systematikk er det naudsynt å beskrive rutinar og prosedyrar. Sæbø barnehage har sendt inn dokumentasjon som viser arbeidet med Barnehagemiljø i internkontroll og HMS systemet. Vi vurderer at dokumentasjonen vil avdekke avvik og risiko for avvik og bli følgd opp gjennom rapporteringar.

Konklusjon

Sæbø barnehage har i tilstrekkelig grad dokumentert barnehagen sin praksis i høve til å avdekke avvik og risiko for avvik og følgje dette opp.

d) Dokumenterer internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig?

Observasjon

Vi viser til førre avsnitt som beskriv korleis Sæbø barnehage dokumenterer internkontrollen i den form og omfang som er naudsynt.

Vurdering

Vi viser til punkt d og finn at det er beskrive korleis Sæbø barnehage dokumenterer internkontrollen i den form og omfang som er naudsynt.

Konklusjon

Alver kommune/ Sæbø barnehage har i tilstrekkelig grad dokumentert at innhaldet i internkontrollen dokumenterer den formen og det omfanget som er nødvendig



e) Evaluerer, og ved behov, forbedrer Sæbø barnehage skriftlege prosedyrar og andre tiltak?

Observasjon

I tilsendt informasjon for internkontroll er beskrevet at områda i internkontrollsystemet og HMS systemet evaluerer og forbedrer skriftlege prosedyrar og andre tiltak kvart år.

Vurdering

Vi viser til punkt og vurderer at dette er beskrevet i internkontrollsystemet.

Konklusjon

Sæbø barnehage har i tilstrekkeleg grad vist korleis dei evaluerer og forbedrer skriftlege prosedyrar og andre tiltak.

3. Vedtak

Tilsynet har avdekka at Sæbø barnehage har dokumentert at dei etterlever regelverket som er undersøkt i §9 og §§41 og 42 i barnehagelova.

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Mette Marei Træland
Tilsynsleiar